



HORNINDAL KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr.:	Saksbehandlar
Utval for Oppvekst og Helse	04.11.2008	037/08	MO
Kommunestyret	13.11.2008	072/08	MO

Saksansvarleg: Eirik Natvik	Arkiv: F60	Arkivsaknr.:
	Objekt:	08/348 - 7

Rullering av handlingsplan for Hornindal kommune sin rusmiddelpolitikk

SAKSTILFANG / LOVER / PLANDOKUMENT

Alkohollova

K-sak 008/08

K-sak 044/04

Alkoholpolitisk handlingsplan

K-sak 054/05

Rusmidler i Noreg – statistikk `07

SAMANDRAG.

I samsvar med Alkohollova §1-7 d legg ein med dette fram forslag til alkoholpolitisk handlingsplan for Hornindal Kommune for perioden 01.07.08-31.12.12.

FAKTA.

Gjeldande plan vart vedtaten i kommunestyresak 044/04. Framlegget til rullert plan byggjer på dei same emneområda, men den er oppdatert i høve statistikkar. For å få eit meir heilskapleg bilete av den lokale rusmiddelsituasjonen har ein teke inn statistikk med oversikt over sal hjå Vinmonopolet i Stryn og på Eid. For Hornindal kommune er det utarbeidd følgjande statistikkar:

- Omsetning av øl, lettvin og rusbrus i daglegvarehandelen i Hornindal 2000-2007
- Liter utskjenka øl, vin og brennevin frå dei 3 skjenkestadane i Hornindal 2000-2007

Framlegget til rullert plan har lege ute til høyring i perioden 15.09.08-15.10.08. I denne perioden fekk arbeidsgruppa inn to innspel til planen.

Endringar:

Punkt 5.2.3. i planen omtaler andre tiltak. Den gamle planen seier at Hornindal kommune ser positivt på nattuglearbeidet når mykje ungdom møtest. Dette punktet vert vidareført, med tillegget at ein oppfordrar foreldre til å vere meir synleg der ungdom møtest.

Punkt 7 i planen heitte tidlegare gjennomføring av planen og økonomiske konsekvensar. Dette punktet heiter no økonomi. Underpunkta 7.2. gjennomføring og 7.3 økonomiske konsekvensar er tekne bort. Punkt 7 gjev no ei god oversikt over gebyr for sal og skjenking, samt gebyr for ambulerande skjenkeløyve og skjenking i einskild høve.

Vedlegg 3 punkt 4b sa tidlegare at det var forbode med skjenking av brennevin på røystedager for stortingsval, fylkestingsval, kommunestyreval og folkerøysting ved lov. Dette punktet er no teke bort, då dette lovforbodet er oppheva.

Vedlegg 3 punkt 5 ambulerande løyve i slutta lag. Her er det gjort to endringar. I punkt g er skjenketida sett til kl. 02.00, der før skjenketida følgte ordinære reglar. Dette er ei innskjerping i høve tidlegare. I tillegg er det oppretta eit nytt underpunkt h som seier at ved brot på alkohollova eller andre lover med nær samanheng med alkohollova misser ein retten til løyve i 1 år. Denne innskjerpinga er gjort for å motverke brot på lova.

Vedlegg 3 punkt 6 gjeld skjenkeløyve for einskilde høve. Dette er det punktet som er mest endra. I løpet av planprosessen har ein fått innspel på at det er for vanskeleg å få løyve til å arrangere tilstelningar med skjenkeløyve utan påmelding. Plangruppa har vurdert at ein ynskjer å gjere det noko lettare å få løyve i einskild høve. Dette for å kunne lage større arrangement i bygda. I framlegget er det presisert at dette gjeld lag og organisasjonar i Hornindal kommune. For å motverke for utstrakt bruk av ordninga har ein sett at same søkjar berre kan få inntil 2 løyver per år. I tillegg må søknad inn minst 6 veker før arrangement. Skjenketida vert sett til kl. 02.00, som er ei innskjerping i høve tidlegare. Ved brot på alkohollova eller andre lover med nær samanheng med alkohollova misser ein retten til løyve i 1 år. Denne innskjerpinga er gjort for å motverke brot på lova. Plangruppa har sett gebyret for skjenkeløyve i einskild høve til kr. 4000. Ein har fått innspel på at dette er for høgt. Tanken bak det høge gebyret er at viss ein skal gje løyve i einskild høve, skal dette vere ved større arrangement der ein har lagt ned mykje planlegging og arbeid for å få dette til bygda. Plangruppa meiner då at gebyret ikkje verkar avskrekkande. Ein ynskjer ikkje at det skal vere så enkelt å få løyve i einskild høve, at det vil føre til stor auke i bruk. Plangruppa sin tanke er at det skal vere mogleg for dei som verkeleg ynskjer å arrangere større tilstelningar å få det.

Vedlegg 3 punkt 9 gjeld kontroll. Her vert det presisert at det er viktig at desse kontrollane vert utført, og at dei skal utførast innanfor skjenkestaden si opningstid. Dette er ei presisering i høve tidlegare.

Vedlegg 4 punkt 4 og 6; kontroll med sals og skjenkeløyve i Hornindal kommune. Plangruppa foreslår og ta vekk begge desse punkta.

Vedlegg 5 gjeld reaksjonar ved overtreding av alkohollova sine reglar. Her er dei nye forslaga til reaksjonar ved brot på ambulerande løyve og einskild høve innarbeidd.

VURDERING / KONSEKVENSAAR.

Eksisterande alkoholpolitiske plan er vel gjennomarbeidd og har synt seg som ein god arbeidsreiskap for alle parter. Den rullerte planen er ei modernisering av den gamle og ei tilpassing til lov og forskrift. Planen har fått nokre innskjerpingar og noko meir opning for å få løyve i einskild høve, utan at ein meiner at dette vil gå utover edruskapen i kommunen.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Alkoholpolitisk handlingsplan for Hornindal kommune i perioden 01.07.08 – 31.12.12 vert vedteken slik det kjem fram av vedlegg til saka.

Eirik Natvik /s.
- rådmann -

Eirik Natvik
Rådmann

04.11.2008 UTVAL FOR OPPVEKST OG HELSE

UFOH-037/08 VEDTAK:

Samr.: Utval for oppvekst og helse rår til at rådmannen sitt framlegg til vedtak vert godkjent.

13.11.2008 KOMMUNESTYRET

KS-072/08 VEDTAK:

Edvin Haugen hadde slikt framlegg til endringar i vedlegg 3 – Forskrifter for tildeling av sals- og skjenkeløyve i Hornindal kommune:

Stryke pkt. 3 i

Endre ordlyden i pkt. 5e til Namneliste over deltakarane skal leggest fram av arrangøren dersom skjenkekontrollen eller andre krev det ved besøk/inspeksjon av arrangementet.

Endre setning i pkt. 8 til Skjenkeavgifta for skjenking i einskildhøve vert fastsett til kr. 2.000 pr. gong.

Pkt. 8 elles uendra.

Det vart røysta punktvis over framlegga.

Stryke pkt. 3 vart samrøystes godkjent.

Endre ordlyden i pkt 5 vart samrøystes godkjent.

Endre setning i pkt. 8 vart vedteke med 14 mot 3 røyster.

Særutskrift til:

Monica Osvold

Humleteigen 5

6783 STRYN

Hornindal, den 17.11.2008

Liv Oddrun Ytrebø

- Sekretær -